

- Bra for bønder

2024-01-31

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.


8 NYHETER

Onsdag 31. januar 2024

NATIONEN

Kraftig fall i gjødselprisar globalt:

- Bra for bønder



Prisen på naturgass (TTF) ved råvarebørsen i Nederland var fredag på under 27 euro, på nivå med våren 2021.

FOTO: TRADING ECONOMICS

Prisane på gjødsel går kraftig ned globalt. Det vil gi kostnadskutt også for norske bønder ifølge aktører, som vil varsle nye prisar om kort tid.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

GJØDSEL

Prisane på kunstgjødsel stupar internasjonalt og er snart tilbake på nivået før prissjokket i 2021.

Det viser prisindeksen for gjødsel som inngår i Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Prissjokk nær over

Fallet i gjødselprisane er på heile 24 prosent berre sist måned, ifølge indeksen.

Med det er prisindeksen for gjødsel tilbake på same nivå som våren 2021. Den gong var prisoppgangen i sin spede start. Det var i 2021 at prisane på fleire gjødseltypar gjekk til himmels i kjølvatnet av kraftig prisoppgang på gass og energi og knappare tilgang på råvarer.

Indeksen til AgriAnalyse viser at gjødselprisen blei tredobla frå starten på 2021 til toppen i april 2022.

Sidan har prisane peika nedover med unntak for litt oppgang i sommar. Prisane flata ut i haust og fall kraftig heilt mot



Jens Randby, sjef for plantekultur i Felleskjøpet Rogaland Agder (FKRA), er spent på nye gjødselprisar som etter planen skal gjelde frå 1. februar.

Internasjonale prisar på gjødsel var mot slutten av året rundt 60 prosent lågare enn under toppnoteringa i april 2022 viser indeksen.

Prisvekst avtar

Nedgangen i gjødselprisane er med på å dra ned Bondens prisindeks (BPI), som viser kostnadsveksten på sentrale innsatsfaktorar for bønder.

BPI-indeksen klatra kraftig på same tid som gjødselprisane gjekk til himmels. Med nedgangen i gjødselprisar er Bondens prisindeks i ferd med å kome ned på same nivå som KPI, som ofte blir omtalt som den generelle prisveksten i samfunnet.

Ser ein på endringar i sentrale innsatsfaktorar dei siste 12 månadane er det særleg gjødsel som drar ned indeksen. Der er prisfallet 36 prosent.

På kraftfor er nedgangen på



Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, seier prisveksten på viktige kostnadspostar er dempa og går tilbake til meir normale nivå.

FOTO: CAMILLA MELLESTRAND

litt under fem prosent og på diesel litt over tre prosent siste 12 månader.

Straumprisen drar motset veg med ein auke på nær fire prosent siste året.

Prisane på andre kostnader, både tenester, varer og vedlikehald, i tillegg til såfrø og planter, drar også opp indeksen siste året.

- Bra for bønder

Dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug,

” Vi ser ei form for normalisering og at vi nærmar oss nivåa for det store prissjokket Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse



Kort tid for nye norske prisar skal annonserast går prisane kraftig ned internasjonalt

seier den store nedgangen i gjødselprisane internasjonalt er godt nytt.

- Gjødselprisane går tilbake til eit meir normalt nivå. Frykta for at gassprisane skal auke kraftig ser ut til å falle og nedgang i gassprisane bidreg til lågare kostnader. Produksjonen har også tilpassa seg sjokket i 2021. Dette er godt nytt for både bønder og for matproduksjonen, seier Smedshaug til Nationen.

Smedshaug viser til at europeiske gjødselprisar har ein tendens til å følgje europeiske gassprisar, som har gått kraftig tilbake siste tida.

I skrivande stund på fredag var gassprisen på børsen i Nederland på under 27 euro per MWh, som er tilbake på omtrent same nivå som våren 2021.

- Vil prisen på gjødsel i Norge også følgje med nedover? - Ja, prisane i Norge vil reflek-

tere prisane i Europa, men det kan vere ulike spesielle tilpassingar og nivå, seier Smedshaug.

Han viser til at kronekursen har svekka seg og at det kan verke inn på prisendringane i Norge.

Smedshaug ser tendensar til at kostnadsboomen er i ferd med å gå tilbake til meir normale nivå.

- Vi ser ei form for normalisering og at vi nærmar oss nivåa for det store prissjokket, men det er framleis ein del segment der prisane er høgere. Der kan det vere seigare å få ned prisane, som på kraftfor, seier han.

Spent på nye prisar

Bransjen er i forhandlingar om nye gjødselprisar, som etter planen skal gjelde frå 1. februar.

Jens Randby, sjef for plantekultur i Felleskjøpet Rogaland Agder (FKRA), seier seg spent

er



FOTO: MARIANN TVETE

på utfallet.

- Vi er veldig spente. Prisane på gjødsel ute har gått ned. Det viser tal også frå analytikarar i Danmark. Samtidig blir det ikkje så kjekt for dei som kjøpte gjødsel i haust om dei nye prisane legg seg på eit mykje lågare nivå, seier Randby.

Randby viser til at mange bønder her i landet pleier kjøpe gjødsel om hausten og at gjødselprisane normalt er lågast om hausten. Ein stor prisnedgang på gjødsel nå kan ifølgje Randby skape utfordringar med logistikk og distribusjon.

Nedgang i prisane internasjonalt fører ifølgje Randby normalt til prisnedgang på gjødsel også her i landet, noko han seier vil vere bra for norske bønder.

- Det ville vore bra for norske bønder med ein skikkeleg prisnedgang. Det vil hjelpe for mange, seier han.

Kostnadsveksten i jordbruket


Bondens Prisindeks (BPI) målt mot SSBs konsumprisindeks (KPI), som viser veksten i prisnivået.



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100
Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

Vekst og fall i gjødselprisar

Prisindeks på gjødsel og kalk som inngår i Bondens Prisindeks (BPI) laga av AgriAnalyse.



Indeks laga av AgriAnalyse ut frå internasjonale råvareprisar. 2015 = 100
Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

Prisar på viktige innsatsfaktorar

Ulike delindeksar som inngår i Bondens Prisindeks (BPI) laga av AgriAnalyse.



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100
Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

FAKTA

Priseksplosjon på gjødsel

- Prisane på handelsgjødsel, såkalla kunstgjødsel eller mineralgjødsel, auka kraftig globalt i 2021 og utover i 2022.
- I september 2021 anslo Budsjettnemnda 5,31 kr/kg i snittpris på NPK, opp ca 1,37 (+35%). Kostnadsvekst blei rekna til 527 mill. kr utover auken i jordbruksoppgjæret. Det blei kompensert i tilleggshandlinga i oktober 2021.
- Seinare auka prisane vidare og fleire typar gjødsel passerte 10 til 11 kr/kg etter at krigen i Ukraina braut ut for fullt, noko som var to og ein halv til tre gonger høgare enn åra før.
- Sidan har prisane svinga dels med prisendringar på gass som ein viktig drivar. Siste tida har prisane gått ned, men prisnivået er likevel langt høgare enn for nokre år sidan.

Gjødselprisane her i landet har gått kraftig ned frå toppnivået, men ligg ifølgje Randby

like fullt klart over nivået før prissjokket starta.

- Prisane ligg rundt 2000 kro-

ner per tonn høgare nå enn i april 2021, seier han.



Frp-leder Sylvi Listhaug mener det er behov for store endringer i norsk landbrukspolitikk.

FOTO: ANNIKA BYRDE / NTB

Listhaug vil fjerne jordbruksavtalen

Egg- og melkemengelen viser hvordan norsk landbrukspolitikk ikke fungerer, mener Frp-leder Sylvi Listhaug. Hun ønsker å skrote jordbruksavtalen og «starte på nytt».

- Senterpartiets landbrukspolitikk viser seg nok en gang å spille fallitt. De bruker masse penger uten å få resultat. Nå er jeg alvorlig bekymret for at mange bønder kommer til å slutte, sier Listhaug til E24.

Bakteppet er de siste ukens saker om mangel på sentrale landbruksvarer.

Listhaug, som selv var landbruksminister fra 2013 til 2015, er klar på hvem som må stå til ansvar.

- Dette er et resultat av Senterpartiets politikk, så ansvaret ligger hos landbruksminister Geir Pollestad. Fasiten etter to og et halvt år med denne regjeringen er høyere utgifter for skattebetalerne og dårligere resultater for bøndene.

Hun mener det bør tas kraftige grep.

- Det trengs en del nytenkning. Man bør fjerne jordbruksavtalen som er i dag og egentlig starte på nytt.

Vil skjære til beinet

Norsk landbrukspolitikk er omfattende. Jordbruksavtalen består av rundt 100 ulike tilskuddsordninger. Det er for mange, mener Listhaug. Hun viser til Riksrevisjonens gjennomgang i 2010.

De påpekte at systemet burde forenkles, men at forsøk på dette ofte utlignes av nye ordninger som opprettes i de årlige jordbruksforhandlingene.

Frp ønsker å skjære vekk det aller meste.

- Vi ser jo at uansett hvor mye penger du kaster inn i det systemet her, så blir det ikke bra, sier Listhaug.

- Helt motsatt

Landbruks- og matminister Geir Pollestad har blitt forelagt Listhaugs utsagn i artikkelen.

Han svarer at han «tror de fleste i landbruket ser seg tjent med at vi har en solid jordbrukspolitikk med et fungerende tollvern, regulering av markedet, en satsing på et landbruk i hele landet og bøndenes rett til å forhandle.»

- Sylvi Listhaug støtter ikke opp om noe av dette. Særlig svekkelse av tollvernet, slik Frp ønsker, vil ramme de største bøndene hardt.